

# Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

# Årsplan 2023



# Innhold

Innleiing	3
1. Mål og satsingar	4
2. Mål og strategiar for satsingane i Handlingsprogram 2022 – 2025	5
3. Oppdrag og tiltak på tvers	6
4. Grøn næringsutvikling	9
5. Areal til næringsutvikling	15
6. Kompetanseutvikling i arbeidslivet	19
7. Innovative og inkluderande samfunn	24
8. Samarbeid og forpliktande partnerskap	29
9. Resultat- og effektmåling	31





# Innleiing

Årsplan 2023 er den andre i rekka som skal operasjonalisere handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

Den regionale planen er for fylket, ikkje berre fylkeskommunen. I årsplanen har vi identifisert tiltak som skal sikre at vi som fylke set retning mot å nå måla i planen. Fylkeskommunen eller andre partnerar er ansvarlege for å gjennomføre tiltaka – oftast i ein partnerskap. Alle tiltaka vil verte finansiert gjennom fylkeskommunen eller andre partnerar sine budsjett. Slik plasserer vi ansvar og sikrar ressursar til gjennomføring.

I Årsplan 2023 for Berekraftig verdiskaping» vidarefører vi mange av tiltaka frå 2022. Dei fleste var i utgangspunktet planlagde for fleire år, medan nokon ikkje blei starta opp i 2022 som planlagd. Nokon nye er komen til. Det er framleis ei overvekt av tiltak der fylkeskommunen rår over dei finansielle verkemidla. Like viktig er tilrettelegging for møteplassar regionalt og lokalt, samordning av politiske initiativ og tilpassing og koordinering av støtteordningar som er spesielt relevante for næringslivet og kommunane. Dette er forsøkt synleggjort i årsplanen.

Årsplanen skal vere eit styringsverktøy for fylkeskommunen som planmynde, og for Næringsforum Vestland og Kompetanseforum Vestland i fellesskap. På slutten av året skal vi kunne sjekke av om tiltak gjennomført.

## Samanheng regional plan, handlingsprogram og årsplanar

1.0. Regional plan (2021-2033)	1.1 Visjon 1.2 Hovudmål 1.3 Satsingar 1.4 Mål for satsingane fram mot 2033
2.0. Handlingsprogram (2022-2025)	2.1 Delmål for satsingane fram mot 2033 2.2 Strategiar for perioden 2022-2025 for å nå delmåla 2.3 System for oppfølging, resultat- og effektmåling
3.0. Årsplanar	3.1 Prioritere tiltak, sikre ressursar og plassere ansvar for å gjennomføre tiltak det inneverande året 3.2 Vidareutvikle system for oppfølging, resultat- og effektmåling og kommunikasjon

# Mål og satsingar

Visjonen og hovudmålet er vedteken i Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 →

Planen har fire satsingar →

og mål for kvar satsing →



For kvar satsing er det i tillegg etablert delmål og strategiar for perioden 2022-2025

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



### Grøn næringsutvikling

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

**Delmål 1 / Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder**

1. Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen
2. Realisere heilskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland
3. Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringar til heile fylket
4. Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping
5. Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion
6. Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransmodellar
7. Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt
8. Vurdere om det er behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland

**Delmål 2 / Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket**

1. Redusere dei største punktutsleppa til netto null
2. Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane
3. Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar
4. Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
5. Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp



### Areal til næringsutvikling

Rett areal til rett føremål til rett tid

**Delmål 1 / Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg**

1. Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal
2. Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser
3. Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar
4. Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal

**Delmål 2 / Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar**

1. Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
2. Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

**Delmål 3 / Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging**

1. Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane
2. Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet



### Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

**Delmål 1 / Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor**

1. Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet
2. Bygge tverrgåande kompetanse for framtida i alle utdanningsløp
3. Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet
4. Styrke karriererettleinga i grunnutdanninga
5. Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar

**Delmål 2 / Det er god tilgang på arbeidskraft**

1. Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet
2. Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning
3. Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning
4. Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible
5. Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet
6. Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt

**Delmål 3 / Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling**

1. Etablere samarbeid om karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og sektorar
2. Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelegge utdanningstilbodet
3. Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk



### Innovative og inkluderande samfunn

Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

**Delmål 1 / Berekraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping**

1. Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket
2. Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar
3. Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket
4. Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør
5. Ta i bruk ressursane i heile befolkninga


**Delmål 2 / God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket**

1. Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng
2. Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründerar og rådgjevarar
3. Felles innsats for å stimulere til forskning og forskingsbasert innovasjon



# Oppdrag og tiltak på tvers






# Tiltak på tvers av satsingane




Tiltak	Sentrale aktører
1 Samarbeid og koordinering med andre regionale planar	Fylkeskommunen i samarbeid med breie partnerskap for dei ulike planane
2 Gjennomføre Temaplan reiseliv *	Fylkeskommunen i samarbeid med partnerar innan reiseliv
3 Gjennomføre Temaplan landbruk *	Fylkeskommunen i samarbeid med partnerar innan landbruk
4 Utvikle og gjennomføre Temaplan breiband og digitalisering *	Fylkeskommunen i samarbeid med IT-Forum Vestland og kommunane
5 Gjennomføre Temaplan forskning *	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland
6 Nytte moglegheiter i internasjonalt samarbeid, spesielt EU sine samarbeidsprogram	Fylkeskommunen i samarbeid med Horisont Vestland og internasjonalt kommunenettverk
7 Utvikle system for resultat- og effektmåling	Fylkeskommunen i samarbeid med Næringsforum Vestland
8 Lyse ut tilskot til Berekraftig verdiskaping i Vestland	Fylkeskommunen lyser ut midlar med grunnlag i Handlingsprogram 2022-2025

\* Fleire tiltaka knytt til gjennomføring av temaplanar er bygd direkte inn i tiltak i satsingane. Til dømes er temaplanane for landbruk og reiseliv bakt inn i «Grøn næringsutvikling», medan temaplanane for breiband og digitalisering og forskning hovudsakleg har gitt bidrag til «Innovative og inkluderande samfunn»



# Handlingsprogram 2022-2025 har fire kritiske oppdrag for perioden



Dei tre fyrste oppdraga er identifiserte i rapporten «Grøn region Vestland - Vestlandsporteføljen». Det siste oppdraget er nært knytt opp til det overordna målet som handlar om berekraftig bruk av naturressursar

Handlingsprogram 2022-2025 etablerte også strategiar i alle dei fire satsingane som skal bidra til å løyse dei kritiske oppdraga.

I årsplanen for 2023 er vidareføring av Grøn region Vestland sentralt, spesielt i satsinga Grøn næringsutvikling.








# Grøn næringsutvikling

Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030



# DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
1 Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til dei store omstillingsprosjekta i regionen	1 Samarbeid om å bedre kraftsituasjonen i Vestland	Utvikle energinetter som arbeider aktivt for å betre kraftsituasjonen i Vestland. Legge til rette for å påverke avgjerdstakarar, som til dømes straumnettutvalet og nettselskap, samarbeide tverrsektorielt, dialog og nybrotstenking. Ei administrativ gruppe skal fungere som sekretariat ("energigruppa")	Fylkeskommunen i samarbeid med energi-, industri- og næringsaktørar	2022	2023-25	Prosjekt	Videreført frå 2022
	2 Sikre at konklusjonen i Energikommisjonens arbeid ivaretar behovet i Vestland	Bidra til at forslaga frå Straumnettutvalet vert gjennomført gjennom fråsegn og politisk arbeid.	Fylkeskommunen i samarbeid med næringsforum	2023	Kontinuerleg	Kontinuerleg drift	Videreført frå 2022
	3 Etablere koordineringsfunksjon for grøn infrastruktur i Grøn region Vestland	Identifisere og påvirke prioritering av prosjekt til å møte det store kraftbehovet som vert peika på i Vestlandsporteføljen, samt belyse potensiale for auka energiproduksjon og energi- og materialgjenvinning i hubane. Løfte fram infrastruktur for grøn skipsfart som tema og vere pådriver for statleg bidrag.	Grøn region Vestland	2023	Kontinuerleg	Einskild initiativ	Omdefinert frå 2022
	4 Sikre framdrift i arbeidet med havvind	Starte opp strategisk arbeid for realisering av havvind utanfor Vestland. Oppfølginga vil bli forankra i regional plan for fornybar energi.	Vestland fylkeskommune, Havbyen Bergen, Grøn region Vestland, GCE Ocean, Energiomstilling Vest, med fleire	2023	Kontinuerleg	Einskild initiativ	Nytt tiltak 2023
2 Realisere heilskapleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland	1 Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	Etablere pilotprosjekt for elektrisk flyrute mellom Førde og Bergen. Initiativet er starta og prosjektet vil bli utvida med relevante aktørar frå næringsliv, interesseorganisasjonar og offentlege etatar. Samanfatte kunnskapsgrunnlag og starte strategisk arbeid.	Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune, Sunnfjord utvikling	2022	2022-24	Einskild initiativ	Videreført frå 2022
	2 Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart	Legge til rette for samarbeid mellom aktørar innan alternative drivstoff i skipsfart om ein heilskapleg verdikjede. Hegra- og Topeka-prosjekta har til felles at dei inngår i ei verdikjede for alternative drivstoff til skipsfarta. Partane i verdikjeda skal innleie samarbeid om ei heilskapleg verdikjedesatsing.	Vestland fylkeskommune, i samarbeid med næringsaktørar	2022	2022-24	Einskild initiativ	Videreført frå 2022
	3 Bidra til å styrke hurtigladeinfrastrukturen langs veg	a. Lyse ut støtte til å styrke hurtigladeinfrastrukturen med særskilt fokus på sambruk mellom bil og båt og brukargrupper innan næringstransport og pendlarar.	Fylkeskommunen i samarbeid med statlege og private aktørar	2022	2022-23	Einskild initiativ	Videreført frå 2022
		b. Etablere samarbeid mellom fylkeskommunen og relevante aktørar innan engros, renovasjon og varetransport om hurtigladeinfrastruktur for tungtransport med utgangspunkt i pågåande prosess i Statens vegvesen.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statens vegvesen	2022	2023-25	Einskild initiativ	Omdefinert frå 2022
	4 Bidra til å styrke normalladeinfrastrukturen for næringslivsaktørar	a. Støtte utbygging av normalladarar ved reiselivsdestinasjonar	Vestland fylkeskommune	2023	2023	Einskild initiativ	Videreført frå 2022
		b. Støtte ladeinfrastruktur til taxi	Vestland fylkeskommune	2023	2023	Einskild initiativ	Videreført frå 2022

# DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023		
3	Styrke innsatsen for å sikre nye store berekraftige industrietableringar til heile fylket	Greie ut ein modell for felles organisering av tenester for å trekke til seg prioriterte investeringar og etableringar i heile Vestland	Greie ut moglege modellar for fylket. Arbeidet er tett kopla opp mot nasjonale initiativ (Invest in Norway) og regionale initiativ (til dømes Invest in Bergen og Invest in Sunnhordland).	Innovasjon Norge og fylkeskommunen	2023	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022	
4	Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping	1	Kartlegge potensialet og synleggjere moglegheitene for mineralutvinning som er kritisk for grøn omstilling	Organisering og førebuing av ressurskartlegging i fylket av mineral som er viktige for grøn omstilling.	Fylkeskommunen	2022	2022	Prosjekt	Vidareført frå 2022
		2	Greie ut moglegheit for berekraftig utvinning av mineral frå havbotn	Sikre gjennomføring av analyser for teknisk moglegheit for utvinning av mineralar frå havbotn mellom anna gjennom søknader til Grønn plattform og nasjonale klyngeprogram. Halde fram med arbeidet for å realisere testfasilitetar.	GCE Ocean Technology og konsortium for marine mineral.	2022	2022-23	Einskild initiativ	Vidareført frå 2022
5	Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion.	1	Styrke marin satsing	Behovet er stort for å sikre berekraftig akvakultur gjennom ei styrka marin satsing. Satsinga vil omfatte sentrale utfordringar som lus, rømming, slam, berekraftig fôr, areal, rekruttering til næringa, kompetanse og forskning. Ei rekke aktiviteter er allereie sett i gong, og vil inngå i ei tydelegare plan for satsinga. Denne vil bli lagt fram for fylkeskommunal politisk behandling. Satsinga vil bli gjennomført i samarbeid med kommuane, Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og representantar for næringa og forskingsmiljø	Fylkeskommunen	2022	2022-25	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
		2	Auke samarbeidet i havnæringane gjennom å identifisere industrielle symbiosar i dei havrelaterte hubane i Grøn region Vestland	Følgje opp dei havrelaterte hubane i Grøn region Vestland og stimulere til deling av kunnskap og ressursar på tvers verdikjeder, og felles innsats for å løyse utfordringar.	Fylkeskommunen, Grøn region Vestland	2023	2023-25	Prosjekt	Nytt tiltak 2023
		3	Marknadsføre Vestland som den globalt leiande havregionen	Dei nye grønne verdikjedene er i stor grad havbaserte, og Vestland skal bli den leiande havregionen nasjonalt og internasjonalt. Havnæringane er eksportorienterte. Vestland må ta ein tydeleg posisjon internasjonalt for å kommunisere konkurransefortrinna våre og tiltrekke oss lokomotiv, kompetanse og kapital. Det er difor nødvendig å utarbeide ein kommunikasjonspakke som alle aktørane i regionen kan nytte for å formidle historia om Vestland.	Grøn region Vestland, Havbyen Bergen, FjordNorge, Klimapartnerne, Invest in Bergen, Invest in Sunnhordland	2023	2023-25	Prosjekt	Nytt tiltak 2023
6	Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransmodellar	Leggjje til rette for auka samarbeid mellom offentlege innkjøparar og kople på aktuelle næringsaktørar i regionen	Det må stimulerast til at offentlege aktørar stiller krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, der samfunnsnyttig bruk av restprodukt vert vektlagt. Vi skal leggje til rette for at leverandørar i Vestland kan posisjonere seg for å sikre verdiskapinga lokalt. Dette kan gjerast til dømes gjennom det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, DFØ, Innovasjon Norge og Forskningsrådet.	Fylkeskommunen i samarbeid fleire	2023	2023-25	Anna	Omdefinert frå 2022	

## DELMÅL 1 Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTAF	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
7	Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri						
	1 Felles oppfølging av dei grønne hubane identifisert i Vestlandsporteføljen Grøn region Vestland	Følgje opp samarbeidsstrukturen for å følgje utvikling av dei grønne hubane. Sikre finansiering av oppfølgingsarbeidet. Gå gjennom og vurdere verkemidlane til Innovasjon Norge, Forskningsrådet og SIVA for forretningsutvikling, pilotering og skalering av prosjekta i dei grønne hubane. Innovasjon Norge vil mellom anna nytte sine verkemidlar mot bedriftsnettverk og andre relevante verkemiddel for vekst og eksport.	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge i samarbeid med Næringsforum	2022	2022-25	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
	2 Evaluere midlar tildelte i 2022 for å vidareutvikle samarbeid om industriell symbiose i hubane i Grøn region Vestland	Fylkeskommunen lyste ut midlar til alle dei grønne hubane for å vidareutvikle samarbeidet i hubane. Det er behov for å vurdere resultatane av prosjekta som fekk støtte.	Grøn region Vestland	2023	2023	Einskild initiativ	Nytt tiltak 2023
3 Kartlegge potensiale for industriell symbiose i dei grønne hubane og utvikling av forretningsmodellar.	Nytte kompetansen og metodikk i NORCE sitt kapasitetsløftprosjekt BIOSIRKEL i dei grønne hubane for å sikre meir effektiv utnytting av industrielle sidestrømmer.	Grøn region Vestland	2023	2023-24	Einskild initiativ	Nytt tiltak 2023	
8	Vurdere om det behov for nye tiltak eller organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland						
	1 Gjennomgang av kva hubar og prosjekt som skal inngå i Grøn region Vestland framover	Hovudmålet er å identifisere nye grønne innovasjonsprosjekt med stort potensiale for utslippekskutt, auka ressurseffektivitet, verdiskaping og ny eksport, og å undersøke om det er nye samlingar av grønne prosjekt som har hubpotensiale. Arbeidet skal også bidra til nærare definisjon av grønne hubar og kva hubar og prosjekt som skal inngå i porteføljen framover.	Grøn region Vestland	2023	2022-23	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
2 Systematisk gjennomgang av barrierar for grøn omstilling og identifisere oppfølgingstiltak	Grøn region Vestland har identifisert 9 barrierer for realisering av nye grønne verdikjede. Det må utviklast ei felles operativ tilnærming til korleis overkomme desse barrierane.	Næringsforum Vestland	2023	2023	Prosjekt	Nytt tiltak 2023	



## DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTAF	VÄRIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFÖRING	STATUS 2023		
1	Redusere dei største punktutslappa til netto null	1	Etablere dialog og samarbeidsform med dei største punktutslappa	Etablere forum for dialog, som rundebordskonferanse for å avklare moglegheiter for samarbeid om å realisere utslippskutt. Sikre kopling til eksisterande nettverk og fora.	NHO i samarbeid med aktuelle offentlege og næringsaktørar og Grøn region Vestland	2022	2022-23	Prosjekt	Videreført frå 2022
2	Realisere nullutslippsløysingar i bygg- og anleggsnæringane	1	Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland	Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjöp og anbud som verkemiddel gjennom å dele erfaringar frå igongsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken i Vestland sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenørar og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom leverandørkonferanse.	Fylkeskommunen, LUP, Klimapartnerne	2022	2022-23	Einskild initiativ	Videreført frå 2022
3	Bidra til grønn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar	1	Følgje opp Temaplan Landbruk Vestland fylke	Utarbeide årsplan for 2023 og iverksetje denne	Fylkeskommune i samarbeid med partnerskapen og landbruksnæringa	2023	2023-25	Kontinuerleg drift	Omdefinert frå 2022
		2	Utfordre aktørar til å få fram aktuelle verdikjedeprojekt	Samle fagmiljøa og sjå på verdikjedar og utvikle nye arbeidsmetodar. Lyse ut tilskot dersom det vert identifisert behov for finansiering av tiltak	Fylkeskommunen	2022	2022	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
		3	Avklare potensiale for auka bruk av kortreist og meir berekraftig fôr til oppdrettsnæringa.	Gjere kartlegging som grunnlag for å utvikle kunnskap og foreslå tiltak	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge i samarbeid med klynger og næringsaktørar	2023	2023-25	Anna	Videreført frå 2022
		4	Utvikle satsing på frukt, bær og grønt i Vestland	Følgje opp prosjekta som fekk støtte i 2022, i programstyret for frukt og bær.	Fylkeskommunen og programstyret for frukt og bær	2022	2022-24	Anna	Omdefinert frå 2022

## DELMÅL 2 Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
4 Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet	1 Følgje opp Temaplan Reiseliv for Vestland fylke	Utarbeide årsplan for 2023 og iverksetje denne.	Fylkeskommune i samarbeid med partnerskapen og reiselivsnæringa	2023	2023-25	Kontinuerleg drift	Omdefinert frå 2022
	2 Etablere større prosjekt om besøksforvaltning	Starte opp fleirårig utviklingsprosjektet på grunnlaget som er lagt i dei to forprosjekta "Ei rikare reise" og "Besøksforvaltning". Må sikre langsiktig finansiering, styrka bemanning og organisering.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, reiselivsorganisasjonane, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren	2023	2022-25	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	3 Utarbeide kunnskapsgrunnlag for betre organisasjonsstruktur i reiselivet	Evaluere Fjord Norge før eventuell ny avtale.	Samarbeid mellom fylkeskommunen i Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal.	2023	2023	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	4 Arbeide for betre tilrettelegging for kollektivtransport for dei som besøker fylket	Samordne aktiviteten knytt til næringsutvikling innan reiseliv og utviklinga av kollektivtilbodet.	Fylkeskommunen	2023	Kontinuerleg	Prosjekt	Vidareført frå 2022
5 Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp	1 Styrke samhandling og kompetanse om sirkulærøkonomi og industriell symbiose	Det er mange initiativ på gong i fylket t.d. innan biodrivstoff, biokol og avfall frå land og sjø. Det er behov å styrke kompetansen og samhandling på området, mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå.	Fylkeskommunen i samarbeid med IN	2022	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	2 Starte opp eit strategisk arbeid med sirkulær massehandtering	Masse som pukk, grus og sand er byggeråstoff som må handterast meir berekraftig. Arbeide for ein sirkulær gruveindustri, der alle ressursar og avfallsstraumar skal takast hand om. Arbeidet må ta høgde for fleirnivåsam arbeid og syte for brei involvering og djup forankring i kommunane og i næringslivet.	Fylkeskommunen	2022	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	3 Starte opp eit strategisk arbeid med metallgjenvinning.	Organisere innsats og starte opp dialog med næringslivet.	Fylkeskommunen	2023	2023-24	Einskild initiativ	Vidareført frå 2022
	4 Få fram idear for nye forretningsmodellar knytt til sirkulære prinsipp	Nytte Hackaton til å utfordre ungdom med relevant bakgrunn til å komme med nye innovative forretningsmodellir knyttet til sirkulære prinsipp.	Fylkeskommunen	2023	2023	Einskild initiativ	Nytt tiltak 2023



# Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid



## DELMÅL 1 Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
1 Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal	1 Inkludere næringslivskompetanse i arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen som styringsverktøy	Planleggje ei samling i nettverket "Samfunnsdelen som styringsverktøy" om næring i overordna planar, både samfunnsdel og arealdel.	KS og fylkeskommunen	2023	2023	Enkelståande initiativ	Vidareført frå 2022
2 Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser	1 Gje råd og rettleing til kommunar i arbeidet med konsekvensutgreiingar for sjøareal.	Konkretisere råd og rettleing til kommunar i arbeidet med konsekvensutgreiingar for sjøareal. Mellom anna ved gjennomføring av seminar våren 2023. Tiltaket er også knytt til styrka marin satsing.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2022	2022-23	Anna	Vidareført frå 2022
3 Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar	1 Vurdere differansiert planlegging som verkøy	I arbeidet med regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn ser ein m. a. på differensiert tilnærming til planlegging for å legge til rette for meir treffsikker og relevant innsats. Føl dette planarbeidet og erfaringar derifrå.	Fylkeskommunen	2022	2022-24	Prosjekt	Vidareført frå 2022
4 Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal	1 Inga tiltak i 2023						




## DELMÅL 2 Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
Legge til rette for nok eigna areal til 1 grønt omstilling og innovasjon i næringslivet	1 Utarbeide marine grunnkart i Vestland	Vidareføre arbeidet med å få utarbeide marine grunnkart i Vestland. Kople oss på moglege ny nasjonal satsing. Tiltaket er også knytt til styrka marin satsing.	Fylkeskommunen	2022	2023-25	Anna	Vidareført frå 2022
	2 Etablere forprosjekt for kartlegging av areal og behov framover, og potensial for fortetting og utnytting av dagens næringsareal	Ei kartlegging skal sjå på trong for areal i dag, og langsiktige trendar som kan skape nye eller endra behov for areal. Dette må gjerast på tvers av kommunegrensar. I dette ligg det også å sjå på områdespesifikke hensyn og område som ikkje skal byggast ut. Arbeidet bør samkøyrast med arbeidet med kunnskapsgrunnlag for ny utviklingsplan, og for eventuell ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Må gjerast saman med kommunane.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane	2023	2023-24	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	3 Gjennomføre ei forstudie for ei digital løysing som skal ha oversikt over tilgjengeleg areal for å trekke til seg prioriterte investeringar og etableringar	Det er behov for å ha samla oversikt over næringsareal i fylket i ein digital løysing. Kartlegge om fylkesatlas kan utviklast vidare, eller om det er trong for andre løysingar. Som ein del av arbeid skal hente erfaringar frå andre fylke sine løysingar og utvikle pilot.	Fylkeskommunen	2023	2023-24	Enkeltstående initiativ	Vidareført frå 2022
	4 Greie ut arealsituasjonen for hubar i Grøn region Vestland	Skaffe oversikt over arealbehov i hubar for å realisert identifiserte prosjekta i Vestlandsporeføljene. Arbeidet må ivareta behov for å sikre rammebetingelser for industriell symbiose og berekraft.	Fylkeskommunen i Grøn region Vestland	2023	2023	Enkeltstående initiativ	Nytt tiltak 2023
Sikre berekraftig bruk av 2 naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord	1 Følgje opp Temaplan for landbruk inkludert jordvernstrategi for Vestland	Følgje opp Temaplan for landbruk som legg opp til at Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern. Temaplanen skal også stimulere til å nå måla i klimaavtalen mellom jordbruket og staten, og sjå på korleis landbruket kan hindre ureining.	Fylkeskommunen	2023	2022-25	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
	2 Sikre ein oppdatert status på jordbruksareal, og endringar over tid.	Sjå på kva informasjon vi har tilgjengeleg i dag, og korleis denne kan framstillast best mogleg og haldast oppdatert. Dette tiltaket må også sjåast i samanheng med forprosjekt for kartlegging av areal og behov framover.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2023	2022-23	Enkeltstående initiativ	Vidareført frå 2022

## DELMÅL 3 Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023	
1	Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane	1 Inga tiltak i 2023						
2	Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet	1 Auke plankapasitet og -kompetanse i sjø.	Arrangere møter med havbrukskommunar med sams utfordringar/mogelegheiter. Ha dialog og gjennomføre informasjonsmøte for kommunar og næring om rettleiar for planlegging i sjø. Utrveksle erfaringar med bruk av føresegn til areal som opnar for bærekraftig utvikling og innovasjon. Tiltaket er også knytt til styrka marin satsing.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren	2022	2022-23	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022
	2 Synleggjere gode eksempel og leggje grunnlag for tematiske samarbeid.	Sette planlegging av næringsareal på dagsorden i nettverk og arenaer som til dømes mentorordning og plannettverk	Fylkeskommunen	2022	2022-25	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022	
	3 Nytte nettverk og fora for samhandling mellom kommunar om plankompetanse og utarbeiding av planar.	Nytte nettverk som Samfunnsdelen som styringsverktøy og mentorordninga til å auke kompetanse og merksemd på næring i planarbeidet	Fylkeskommunen og andre ansvarlege for nettverk og fora	2022	2022-23	Kontinuerleg drift	Ferdig i 2022	



# Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

## DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
1 Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet	1 Avdekke kompetansebehov i dei grønne hubane	Ha kontinuerleg dialog med bedriftene i dei grønne hubane for å avklare om det er behov for å styrke kompetanse på område som er relevant for å få realisert dei planlagde innovasjonsprosjekta. Teste ut metodikk for å kartlegge kompetansebehov.	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge gjennom arbeidet i Team Vestland	2022	2022-24	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	2 Utvikle eit kompetanseprogram for industriell symbiose	Oppstart av tilbod til bedrifter og verkemiddelapparatet for å styrke kompetanse på industriell symbiose og gjennomføring av slike prosessar. Trekkje vekslar på kunnskap i forskings- og utdanningsmiljø i fylket og etablere internasjonalt prosjektsamarbeid.	Innovasjon Norge og fylkeskommunen i samarbeid med relevante FoU-miljø og utdanningsinstitusjonar	2022	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	3 Sette saman kompetanseprogram retta inn mot det grønne skiftet og Grøn region Vestland	Samle eksisterende utdanningstilbud knytt til nye grønne verdikjedar og relevante tverrfaglege tema i eit kompetanseprogram. Med føremål om å synleggjere kva som finnes og identifisere kva som manglar	Utdanningsinstitusjonane og Grøn region Vestland	2022	2022-25	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
2 Byggje tverrgående kompetanse for framtida i alle utdanningsløp	Inga konkrete tiltak i 2022						Utsett til 2024
3 Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet	1 Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringslivet/bransjar og studentar ved universitet og høgskule	Etablere tettare dialog mellom arbeidslivet/bransjar/sectorar som har utfordringar med å rekruttere kompetent arbeidskraft og universitet/høgskule for å synleggjere kva kompetanse dei uteksaminerte kandidatane har og korleis dei kan knyte tettare kontakt under studieløpet. Det bør vurderast eigne kontaktpunkt for internasjonale studentar.	Næringsråd, bransjeorganisasjonar, universitet, høgskular, kommunar	2022	2022-25	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022
4 Styrke karriererettleinga i grunnutdanninga	1 Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring	Kompetanseutviklinga vert organisert gjennom digitale og fysiske samlingar, og gjennom nettverksarbeid. Innanfor området karriere vert det utarbeidd eit opplegg for kompetanseheving og opplæring for rådgjevarar i ungdomsskule, i vidaregåande skule og andre tilsette ved skulane som har behov for denne typen kompetanse. I undervisningsopplegget må det trekkjast vekslar på erfaringar frå karrieretenestene ved høgskule og universitet. Kompetanseutviklinga skal vere forankra i leiinga på skulane og eit kompetansemiljø på karriere. Kompetanseutviklinga bygger på det nasjonale kvalitetsrammeverket for	Fylkeskommunen i samarbeid med karrieretenester på høgskule/universitet	2022	Kontinuerleg	Kontinuerleg drift	Omdefinert frå 2022
5 Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar	Inga konkrete tiltak i 2022						



## DELMÅL 2 Det er god tilgong på arbeidskraft


STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023		
1	Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet	1	Teste ut modellar for å kartlegge kompetansebehovet i den einskilde kommune	Samle erfaringar frå eksisterande og pågåande prosjekt, t.d. Kompetansepiloten i Nordfjord, INTERREG-prosjektet Right Skills for the Right Future i Nordhordland, og teste dette ut i utvalde kommunar eller næringar i samarbeid med lokale næringslivsaktørar og/eller FoU-organisasjonar	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, lokale næringslivsaktørar, FoU-organisasjonar	2022	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022
2	Utgjeie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning	1	Vidareutvikle nettskule i Vestland for å bidra til større breidde og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile Vestland	Tilby nettskule for at fleire skal få høve til å gjennomføre fagopplæring og etterutdanning innan fagområde kor det ikkje er eit vg2-tilbod i regionen. Tilpasse og vidareutvikle fleire nettbaserte modellar for opplæring i fellesfag og programfag for elevar med særlop eller full opplæring i bedrift. Nettskule skal ha tilbod med stor grad av fleksibilitet innan nett- og modulbasert opplæring som gjev studiekompetanse for vaksne. Nettskule skal ha god tilbodsbreidde innanfor yrkesfagleg nettbasert opplæring for vaksne som ønskjer fagbrev.	Fylkeskommunen	2022	2022-23	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
		2	Etablere fysiske læringsmiljø i distrikta	Etablere og vidareutvikle fysiske læringsmiljø i form av studentstover i distrikta.	Kommunane	2022	2022-23	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
		3	Utvikle og koordinere utdanningstilbod med utgangspunkt i lokale behov	Gjere utdanningstilbod som avspeglar kompetansebehovet til det lokale næringslivet i distrikta tilgjengeleg for arbeidstakarar/innbyggjarar som ikkje har høve til å ta utdanningar ved etablerte campusar.	Utdanningsinstitusjonane, fylkeskommunen og kommunane	2022	2022-23	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
		4	Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar	Universitet og høgskular har allereie ei rekkje digitale og fleksible etter- og vidareutdanningstilbod, men også ordinære utdanningsløp. Utarbeide eit opplegg for synleggjering og formidling av tilboda til bedrifter og kommunar med ein region som pilot i 2023	Fylkeskommunen i samarbeid med regionale kompetanseforum og utdanningsinstitusjonane	2022	2022-23	Enkeltståande initiativ	Omdefinert frå 2022
		5	Utarbeide strategi for studiesentre og desentralisert utdanning i Vestland	Statleg satning på etablering av studiesentre i distrikta gjer at det er behov for at fylkeskommunen utarbeider ein strategi for dette feltet	Fylkeskommunen	2023	2023	Enkeltståande initiativ	Nytt tiltak 2023

## DELMÅL 2 Det er god tilgang på arbeidskraft

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023		
3	Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning	1	Utveksle erfaring om modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor	Nytte erfaringar frå pilotar og prosjekt som er gjennomført for å mobilisere bedrifter og tilsette til å ta i bruk etter- og vidareutdanning, og avklare kva rolle lokale aktørar kan ta i dette arbeidet. Synleggjere kva som finst av finansieringsmoglegheiter.	Regionale kompetansefora i samarbeid med fylkeskommunen	2022	2022-23	Enkeltstående initiativ	Vidareført frå 2022
4	Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible	1	Utgreie moglegheitene for nye modellar i helsefagutdanninga	Det er eit stort behov for sjukepleiarar i fylket. Det er derfor behov for å utgreie nye utdanningsløp som Y-vegen helsefag og nye helseutdanningar i Fagskulen.	Fylkeskommunen, inkl. Fagskulen og HVL	2023	2023	Prosjekt	Nytt tiltak 2023
5	Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet	1	Utveksle erfaringar om nye modellar for samarbeid om tilbod til dei som står utanfor arbeidslivet	Samle erfaringar og god praksis frå modellar som er testa ut. Få til eit tettare samarbeid mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar. Vurdere internasjonale samarbeidsprosjekt gjennom ERASMUS+	NAV og fylkeskommunen	2022	Kontinuerleg	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022
6	Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt	1	Mobilisere til fleire søkjarar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket	Samordne og forsterke pågåande arbeid for å rekruttere fleire søkjarar til studier med låg innsøking, men som har høg relevans for arbeidslivet i Vestland. Eventuelt finne nye måtar for å nå ut til målgruppene. Samarbeid med karrieretenester og næringslivsaktørar er sentralt. Potensielt prosjekt i regi av Havbyen Bergen.	Utdanningsinstitusjonane	2022	2022-24	Prosjekt	Vidareført frå 2022
		2	Styrke bruk av eksisterande NAV- ordning for å rekruttere utanlandske arbeidstakarar	EURES – jobbmobilitet i Europa er ei teneste der NAV kan hjelpe arbeidsgjevarar rekruttering i Europa. Tenesten er underbrukt. Det er behov for å styrke samarbeid med fleire bransje- og næringsforeiningar.	NAV i samarbeid med bransje- og næringsforeiningar	2022	Kontinuerleg	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022

## DELMÅL 3 Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
1 Etablere samarbeid om karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og sektorar	1 Etablere eit nettverk for karriererettleiingsaktørar i Vestland	Karriere Vestland vil starte opp eit nettverk for tilbydarar av karrieretenester for å styrke samarbeid og metodeutvikling på ulike utdanningsnivå.	Fylkeskommunen	2023	2023-25	Prosjekt	Vidareført frå 2022
2 Tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelegge utdanningstilbodet	Inga konkrete tiltak i 2023						Utsett til 2024
3 Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk	2 Kompetanseforum sender felles uttale til nasjonale myndigheiter når det er aktuelt	Etter behov	Kompetanseforum Vestland	2023	2023-24	Kontinuerleg drift	Nytt tiltak 2023



# Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

## DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023	
1 Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket	1	Arbeide for samlokalisering for tilbydarar av offentlege tenester	Statens hus i Stad, starta hausten 2021, er ein av 4 pilotar i Norge. Arbeide vidare med prosjekt for å realisere fysisk samlokalisering og betre det offentlege tilbodet til innbyggerane i distrikta. Etablere ein felles utviklingsarena knytt til mellom anna næringsutvikling og ny berekraftig distriktpolitikk.	Stad kommune i samarbeid med skatteetaten, fylkeskommunen, NAV og politiet	2022	2022-24	Prosjekt	Videreført frå 2022
	2	Dele erfaringar med regionbasert tilnærming vs. samarbeid med enkeltkommunar	Ulike statlege og regionale aktørar har erfaring med ulike formar for regional organisering og samarbeid innan sine ansvarsområde. Det er viktig å dele erfaringar og god praksis på tvers.	Næringsforum	2023	2023-24	Anna	Videreført frå 2022
2 Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar	1	Styrke innbyggjardrivne, lokale utviklingsinitiativ	Følgje opp tilrådingane frå tidlegare EU-prosjekt (YESpecialist) for å auka bulyst og tiltakslyst blant unge i distrikt. Ein skal teste ut modellar for å mobilisere til betre lokalt samarbeid og lokale initiativ på tvers av sektorar (kommune-næringsliv-skule-frivillig sektor), i god dialog med unge innbyggjarar.	Fylkeskommunen i samarbeid med KS og 4-5 pilotkommunar	2023	2023-24	Prosjekt	Omdefinert frå 2022
	2	Stimulere til fleire lokale hubar og nettverk for folk som arbeider frå fjernarbeidsplassar	Legge til rette for erfaringsutveksling og å utvikle gode modellar for fjernarbeid, i kombinasjon med fysiske og digitale møteplassar i distrikta.	Kommunar, bedrifter, næringsforeiningar	2022	2022-24	Anna	Videreført frå 2022
3 Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket	1	Utvikle temaplan for breiband og digitalisering	Planen skal lagast i samarbeid med partnarskapen, og skal handle om god digital infrastruktur, digitale tenester i privat og offentlig sektor og digital medverknad. Førebu Vestland på det som møter oss i Gigabitsamfunnet	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og IT-forum Vest og KS	2022	2022-23	Prosjekt	Videreført frå 2022
	2	Vidareføre samarbeid for effektiv digitalisering i kommunane	Kommunane i Vestland skal gjennom samarbeidet Digi Vestland sikre at folk skal ha tilgang til gode og likeverdige tenester, uavhengig av kva for kommune dei bur i.	Kommunane gjennom samarbeidet Digi Vestland	2022	Kontinuerleg	Anna	Videreført frå 2022
	3	Legge til rette for breiband i heile fylket	Sikre breiband i heile Vestland gjennom å skaffe god oversikt over behov for utbygging, og lyse ut tilskot til område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane	2022	Kontinuerleg	Kontinuerlig drift	Videreført frå 2022
	4	Auka bruk av digitale verktøy og tenester i næringsliv og offentlig sektor.	Bidra til auka bruk av digitale verktøy og kompetanse for auka konkurransevne, grøn omstilling og nye berekraftige tenester/produkt. Samarbeid mellom flerie aktørar, inkl. European Digital Innovation Hubs) i Noreg.	EDIH Oceanopolis, inkubatorar, næringshagar, klynger, fylkeskommunen	2023	2023	Enkelståande initiativ	Nytt tiltak 2023

## DELMÅL 1 Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023	
4 Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør	1	Legge til rette for samarbeid mellom kommunar med like utfordringar/moglegheiter	Vidareutvikle nettverket for industrikommunar med sams utfordringsbilde og bruke erfaringane til å vurdere behov for fleire nettverk. Sikre samordning med arbeidet med dei 16 grøne hubane i Grøn region Vestland"	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge, kommunane og KS	2022	2022-23	Anna	Videreført frå 2022
	2	Støtte utviklings- og omstillingsarbeid i særskilt utpeika kommunar	Omstillingsmidlar frå Staten og fylket skal nyttast til å styrke næringsgrunnlaget i Hyllestad kommune og reiselivsnæringa i kommunane Eidfjord og Ulvik.	Fylkeskommunen i samarbeid Innovasjon Norge og kommunane	2022	2022-25	Kontinuerleg drift	Videreført frå 2022
	3	Styrke kommunane si overordna rolle som tilretteleggar for næringsutvikling	Skape møteplassar for informasjon og erfaringsutveksling om verkemiddel for innovasjon og stimulere til auka bruk av verkemiddel. Gjennomføre KS pilot Læringsnettverk for kommunane. Sikre samordning med fylkeskommunen sine samlingar for næringsansvarlege i kommunane. Evaluere og sjå på vidare samordning.	KS og fylkeskommunen, kommunane	2022	2022-23	Anna	Omdefinert frå 2022
	4	Støtte opp om lokalsamfunnutvikling og lokale utviklingsinitativ	Legge til rette for innbyggjarmobilisering, nettverk og kompetanseheving på tvers av lokalsamfunn i heile fylket, m. a. ved å dra veksling på arbeidsmetodar kring LivOGLyst, GNIST og nettverk for industrikommunar	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren, Innovasjon Norge, kommunane og andre	2022	2022-23	Anna	Omdefinert frå 2022
	5	Styrke samanheng og samordning mellom regional og kommunal planlegging	Legge til rette for at dei kommunane som ønskjer det kan ta utgangspunkt i Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling i eiga planlegging.	Fylkeskommunen og KS	2023	2023-25	Anna	Nytt tiltak 2023
5 Ta i bruk ressursane i heile befolkninga	1	Utvide "Vi inkluderer" - ordninga for å auke inkluderande rekruttering	Inngå avtaler med bedrifter og verksemdar om inkluderande rekruttering - i tett samarbeid med partane i arbeidslivet. Det er behov for å ta ordninga i bruk i fleire deler av fylket.	NAV i samarbeid med NHO og LO	2022	Kontinuerleg	Kontinuerleg drift	Videreført frå 2022
	2	Trekke ungdom inn i tverrfagleg samarbeid for attraktive industrisamfunn	Bruke studentar i utvikling av lokalsamfunn. Samarbeid med utvalte studentar frå Start Norge. Fylkeskommunen skal legge til rette for tverrfaglege arbeidsmøte med fokus på å lage attraktive bustadar og rekruttering på tvers av bedriftene lokalt.	Fylkeskommunen i samarbeid med Årdal Industriutvikling, StartNorge, Framtidsfylket og Trainee Vest.	2023	2023	Enkeltstående initiativ	Nytt tiltak 2023



## DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
1 Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng	1 Sikre god gjennomføringskraft i dei nye næringshagane og inkubatorane i fylket	Legge til rette for godt samarbeid og utnytting av samla ressursar og verkemiddel. Det vil bli spesiell merkam kompetanseutvikling i næringshagane og inkubatorane.	Fylkeskommunen og Siva	2023	2023-25	Anna	Nytt tiltak 2023
	2 Sikre at bedrifter i alle kommunar i Vestland får tilgang på tenester frå Siva-programma	Gjennomføre prosjekt i samarbeid med Siva med sikte på å utvikle næringshagetilbod i Sunnfjordregionen og Indre Hardanger og Kvinnherad.	Fylkeskommunen og Siva	2023	2023	Prosjekt	Nytt tiltak 2023
	3 Støtte opp om nettverk og forsterke eksisterande næringsklynger i fylket	Vestland sine mange klynger er viktige i innovasjonsinfrastrukturen vår. Det er behov for å utvikle dei eksisterande klyngene. Det vil bli stimulert til samarbeid, kunnskaps- og kompetanseutveksling mellom eksisterande klynger, og mellom klyngene og nettverk av bedrifter i rurale områder (hub-node samarbeid).	Fylkeskommunen og Innovasjon Norge i samarbeid med klyngene	2022	2022-24	Kontinuerleg drift	Omdefinert frå 2022
	4 Stimulere til at større regionale samarbeidsinitiativ får støtte frå nasjonale og internasjonale ordningar	Bidra med rådgjeving og styrke samarbeidsinitiativ. Vidareføre ei søkbar ordning for å utvikle større regionale samarbeidssøknader til nasjonale og internasjonale ordningar innan berekraftig verdiskaping frå t.d. klyngeprogram, Kapasitetsløft, Katapult, Horisont Europa, Interreg og Digital Europe. Etablere ei langsiktig satsing saman med UiB for å posisjonere Vestland inn mot samarbeidsalliansar og plattformer i EU og forsterke den regionale forankringa i søknadsinitiativ.	Fylkeskommunen, IN og UiB i samarbeid med FoU-forum, Horisont Europa-netverk og internasjonalt kommunenettverk	2022	2022-24	Kontinuerleg drift	Vidareført frå 2022
	5 Identifisere satsingar i handlingsprogrammet og årsplanen kor internasjonalt samarbeid vil gje ein klår meirverdi	EU har utforma ein ambisiøs og tydeleg politikk for grøn og rettferdig omstilling. Politikken blir implementert gjennom EU sine program og samarbeid på tvers av medlemslanda. Vestland har mykje å hente på å delta i denne typen samarbeid. Dette krev at vi tar ein systematisk gjennomgang av dei prioriterte satsingane og identifiserer område kor vi har spesielt nytte av å samarbeide med andre regionar. Dette vil vere ein rettesnor for prioritering av internasjonale samarbeidsprosjekt for å realisere måla i den regionale planen.	Fylkeskommunen i samarbeid med Horisont Vestland, Kompetanseforum Vestland og FoU-forum Vestland	2023	2023-24	Prosjekt	Nytt tiltak 2023
	6 Promotere Erasmus+ midlar til tverrsektorielt samarbeid og kompetanseutvikling i relevante fora i Vestland for å styrke samhandling og nytenking i lokalsamfunn	Lage en promoteringsplan, ved å gå systematisk gjennom alle foramøtepunktar der markedsføring av desse midlane er naturleg) og gjennomføre planen.	Fylkeskommunen	2023	2023-24	Enkeltstående initiativ	Nytt tiltak 2023

## DELMÅL 2 God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

STRATEGIAR	TILTAK	DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG	OPPSTART	VARIGHEIT	ORGANISERING FOR GJENNOMFØRING	STATUS 2023
Heilskapleg støtte til entreprenørar: 2 Ein "koplingsboks" for gründerar og rådgjevarar	1 Heilskapleg støtte til entreprenørar og "En vei inn"	Kople gründerar med rett rådgjevarar og støtteapparat til rett tid i prosessen med å etablere bedrift. Vestland fylke er pilotfylke i den nasjonale piloten "En vei inn". I 2023 skal alle næringshagar og offentlige aktørar som tilbyr tenester til gründerar og SMB'ar bli inkludert i piloten for å teste og tilpasse flyten av tenester og kompetanse i fylket. Tiltaket vil også bidra til god innovasjonsinfrastruktur. Bidra til at kommunar og førstelinjeteneste er godt inkludert i innovasjonsinfrastrukturen.	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge	2022	2022-23	Kontinuerleg	Vidareført frå 2022
Felles innsats for å stimulere til 3 forskning og forskningsbasert innovasjon	1 Arbeide for å styrke Regionalt forskingsfond Vestland finansielt	Regionalt forskingsfond Vestland er finansiert av Kunnskapsdepartementet som fylkeskommunen sitt verktøy for å styrke forskingsinnsats innan regionalt prioriterte tema. Statleg løyving til RFF har gått ned dei siste to åra. For å snu dette er det behov for brei regional mobilisering ovanfor sentrale styresmakter. Viktig å få fram gode resultat frå ordninga.	Fylkeskommunen, styret for RFF Vestland Næringsforum og FoU-forum Vestland	2022	2022-23	Anna	Vidareført frå 2022
	2 Auke forskingsinnsats som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet i kommunal sektor	Vidareutvikle FORREGION Vestland til ei sterkare satsing på mobilisering til meir forskningsbasert innovasjon i kommunal sektor. FORREGION kommune vart starta opp hausten 2022 hovudsakleg med «kompetansemekling», rådgiving for å avklare forskingsbehov knytt til konkrete problemstillingar. Ein meklar kan hjelpe kommunar å finne riktig forskingspartnar og mogelege finansieringsordningar regionalt, nasjonalt, internasjonalt.	Fylkeskommunen og Styret for RFF Vestland, som også er styre for FORREGION Vestland	2022	2022-23	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	3 Etablere eit meir strukturert og langsiktig samarbeide for å få fleire nye forskingssenter og nærings- og fagklynger til Vestland	Tiltaket må avklare behovet for støtte i nasjonale og internasjonale konkurransar om finansiering av større prosjektsamarbeide, senter- og innovasjonsstruktur. Meir strukturert samarbeidet kan omfatte betre tilpassa søkjarrettleging og ei satsing for å sikre naudsynt samarbeide på tvers av næringar, fagfelt og geografi i søknadsprosessar.	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2022	2022-23	Anna	Omdefinert frå 2022
	4 Jobbe for å styrke viktige regionale initiativ gjennom internasjonalt FoU-samarbeid	Få fram gode prosjekt gjennom dei regionale nettverka "Horisont Vestland" og "Internasjonalt kommunenettverk", det nasjonale nettverket "Finn EU" (for offentlig sektor) og samarbeid om "Grøn region Vestland"	Fylkeskommunen i samarbeid med Forskningsrådet, Innovasjon Norge og KS	2022	2022-25	Prosjekt	Vidareført frå 2022
	5 Meir målretta forskingsformidling til aktuelle brukargruppe	Legge til rette for systematisk samarbeide mellom FoU-organisasjonar og brukargrupper om målretta formidling av relevant forskningsbasert kunnskap. Legge sterkare vekt på forskingsformidling og prøve ut nye modellar som del av FORREGION Vestland og RFF Vestland. Forankring i FoU-forum Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland	2023	2023-2024	Prosjekt	Nytt tiltak 2023



# Samarbeid og forpliktande partnarskap



# Samarbeid og forpliktande partnerskap

Gjennom samfunnsutviklarrolla og som planmynde tek fylkeskommunen ansvar for leiing og koordinering av arbeidet.

Vi skal styrke samarbeid mellom næringsliv, offentlig sektor, forskning og innbyggjarane i Vestland.

I årsplanen bygger vi vidare på det gode samarbeidet vi har etablert i det nye fylket gjennom:

- Næringsforum Vestland
- Kompetanseforum Vestland
- FoU-forum Vestland
- Partnerskap innan landbruk
- Partnerskap innan reiseliv
- Partnerskap innan breiband og digitalisering
- Grøn region Vestland og «Team Vestland»

**Kommunar og regionråd** er viktige aktørar i oppfølginga av planen. Likeins må **næringslivet og partnerane i arbeidslivet** vere tett involvert og engasjert i arbeidet.

**Næringsforum Vestland** representerer sentrale partnerar i fylket. Næringsforum har som oppgåve å:

- utvikle felles årsplanar og sikre framdrift i arbeidet
- sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til innovasjon og næringsutvikling i heile fylket
- sikre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

**Kompetanseforum Vestland** vil ha hovudansvar for å koordinere og overvake innsatsen innan «Kompetanseutvikling i arbeidslivet»

Meir om [Næringsforum Vestland](#), [Kompetanseforum Vestland](#) og [FoU-forum Vestland](#)



# Resultat- og effektmåling





# System for resultat- og effektmåling

**Utvikling av eit felles system for resultat- og effektmåling for gjennomføring av den regionale planen er del av handlingsprogrammet for 2022-2025.**

For å kunne måle resultat og effektar av prioriterte innsatsar, skal det nyttast eit indikatorsystem som har tre nivå:

**Nivå 1:** Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.

**Nivå 2:** Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.

**Nivå 3:** Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Eitt sett med indikatorar er bestemt i handlingsprogrammet – sjå meir på nettsida: [Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#).

Nokre av indikatorane er eigna for å overvake utviklinga på fylkesnivå, andre kan brytast ned til region- eller kommunenivå og kan kryssast med andre variablar, som næringskoder, yrkesgruppe, alder med vidare. Fleire kan nyttast til å måle resultat og effekt av konkrete tiltak og verkemiddel.

Arbeidet med system for resultat- og effektmåling kom berre delvis i gong i 2022, grunna kapasitetsproblem og behov for å utvikle eit meir heilskapleg system for fylkeskommunen, inkludert ei digital løysing.

## **Dette skal vi gjere i 2023:**

- lage ei dynamisk framstilling som viser utviklinga på sentrale indikatorar som kan nyttast på dei tre nivåa og gjere den tilgjengeleg for eit breitt publikum.
- vurdere behov for evalueringar på utvalde område